



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Rådmann	Kari Foseid Aakre		
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 17/1550	Klassering:	

### Søknad om fritak for politiske verv for perioden 18.09.17 - 01.05.18

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Representanten Silje Midtbø Vevle, MDG får innvilga permisjon frå sine politiske verv i perioden 18.09.17 – 01.05.18.

Første vararepresentant, Eivinn Revheim, rykkjer opp som fast medlem for same periode. Dei resterande vararepresentantane på MDG si liste rykkjer opp i nummerrekkefølge.»

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Silje Midtbø Vevle, er vald som representant for MDG for perioden 2015 – 2019.

Ho søker no om permisjon frå sine politiske verv for perioden 18.09.17 - 01.05.18 i samband med forestående fødsel.

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder: "2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet."

Om korleis regelen er å forstå er det i kommentarane til kommunelova (Overå/Bernt: Kommuneloven med kommentarer) teke inn m.a.:

*"Fritak er betinget av at vedkommende "ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet". Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig.*

*Forhold som politiskmotgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet "belastning" som alternativ til "vanskelighet", kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale*

*belastninger for et medlem, jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales: "Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet "uforholdsmessig vanskelighet" rekker og foreslår derfor formuleringen "...den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning ..." for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å fritta vedkommende."*

Dersom Silje Midtbø Vevle får innvilga permisjon, vil første vararepresentant rykkja opp som fast medlem i permisjonsperioden. Dei andre varamedlemmene rykkjer tilsvarende opp i den rekkjefølgje dei er valde, jfr. kommunelova § 16, nr. 1 og 2:

*"1. Har medlemmer forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer såvidt mulig i den nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.*

*2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.»*

Valstyret føretekk nytt valoppgjjer for å fylla den ledige varamedlemsplassen i heradsstyret når ordføraren finn det nødvendig, jfr. vallova § 14-2 nr 2.

I denne saka gjeld det ein avgrensa periode og det er nok vararepresentantar utan nytt valoppgjerd.

Mynde etter kommunelova § 15, nr. 2 til å gje permisjon/fritak frå politiske verve kan delegerast til formannskapet.

I tillegg til medlem i Heradstyret er Silje Midtbø Vevle 1.varamedlem i plan- og kommunalteknisk utval, medlem i Samarbeidutvalet i Lonevåg barnehage og medlem i politisk arbeidsgruppe i samband med Kommuneplanen sin samfunnsdel.

### **Vurdering**

Rådmannen finn at det er høve til å gje permisjon i medhald av kommunelova § 15.2. Ein ser ikkje at det er behov for å velja nye varamedlemmer i samband med permisjonen, då kanskje med eit unntak for plan- og kommunalteknisk utval, der Fellelista for H, KRF, SP , V og MDG berre har fire varamedlemmer og ein av dei faste medlemmane i utvalet har søkt permisjon fram til 01.12.17.

I samband med Silje Midtbø Vevle sin permisjon vert det då berre to varamedlemmer tilgjengeleg, og det kan vera vera litt knapt.

Kommunelova § 16, nr. 5 opnar for å velja fleire varamedlemmer, fast eller mellombels frå den gruppa som har for få. Kravet til minst 40% representasjon frå begge kjønn som varamedlemmer til utvalet. Jfr. og kommunelova § 37, nr. 4 .. *Hver liste skal så vidt mulig tildeles så mange varamedlemmer som den får medlemmer med tillegg av to.* I dette tilfellet utgjjer dette 5 varamedlemmer.

Folkehelse – ikkje vurdert i saka

Miljø- ikkje vurdert

Økonomi- ikkje vurdert

## Konklusjon

Saka vert lagt fram for valnemnda og heradstyret til vurdering og avgjerd.

### Ikkje vedlagte saksdokument:

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost